



Temaveke: Samfunnstrygggleik og beredskap

Måndag 27.oktober kl.18-20
Panoramasalen i Voss kulturhus

Voss druknar, men kan kjærleiken løysa klimautfordringa?

Føredrag om levande lokalsamfunn og eigenberedskap med klimaforskar Matthew Stiller-Reeve.

Etter føredraget tek me debatten om korleis me saman kan skapa eit robust lokalsamfunn.

Gratisbillettar hentar du her:

Tysdag 28.oktober kl.19-20:30
Biblioteket i Voss kulturhus

I tilfelle dommedag

Kva gjer du når internettet kræsjar, vatnet stoppar eller straumen ryk midt i koking av pinnakjøtet jolakovden?

Ta kveldsturen innom biblioteket og høyr forfattaren Egil Aslak Hagerup fortelja om korleis alle kan bli betre førebudd på kriser – utan gassmasker og hermetikk.

Måndag 3.november kl.15-17
Matauk

«Ta ei pota, Voss!»

Poteter har redda mange frå svolt i vanskelege tider, men møter i dag hard konkurranse av langreist ris og pasta.

Smaksprøvar, aktivitetar og lansering av ny potetsatsing med skuleklassar og lokale skulehagar.

Kom innom Matauk og ta ei pota!

Tysdag 4.november kl.18-20
Kultursalen i Voss kulturhus

Kva er hybridkrig og korleis påverkar den oss?

Andreas Wahl frå NRK kjem til Voss og delar erfaringane sine frå TV-serien Katastrofe. Norge er under angrep. Hybridkrig er stort og avansert, men kva har dette med eigenberedskap lokalt å gjera?

Gratisbillettar hentar du her:

Det vert podcast, stand på kulturhuset og bokutstilling i biblioteket. Røde kors besøker Vaksenopplæringa.

Temaveka vert gjennomført i samband med den nasjonale eigenberedskapsveka og er ein del av medverknadssatsinga kring revisjon av ny kommuneplan.

Sjå meir på: voss.herad.no, dsb.no/sikkerhverdag og voss.friskus.com



Voss herad



Røde Kors
Voss

